

Vaksinetid

Det er tid for vaksine igjen. I år oppfordrar Eva Beylegaard dei som er i rett alder eller i utsette grupper til å ta same slengen.



Nyheter side 5 ▶

Ny butikk

På Bøsenderet boblar det med nyopningar og endringar. I dag opnar ein ny skobutikk, i tillegg kjem ein pop-up-butikk på kortare besøk.



Nyheter side 4 og 15 ▶

Inviterer til feiring



Kultur side 33 ▶

JUBILEUM: Jan Birger Akerhaugen og Jon Solberg i Ni Liv er klare for jubileumsfeiring. Fredag kjem bandet med nytt album, og seinare i haust inviterer dei til jubileumskonsert i Gullbring. I år er det 20 år sidan den fyrste plata med Jon Solberg sine låtar på bøhering blei gitt ut. FOTO: Gro B. Røiland

Ni Liv feirar 20 år

Å spela i band er gøy. Det kan faktisk vera best i verda, meiner Jon Solberg og Jan Birger Akerhaugen i Ni Liv. Nå feirar bandet 20 år med nytt album og stor konsert.



PLATECOVERET: Ni Liv si nye plate i jubileumsåret er ei hylling til familien. På bildet på plateomslaget har dei fem karane i bandet fått med seg familiene. FOTO: Morten Bjerke

Gro Birgitte Røiland
gro@boblad.no - tlf. 930 22 398

Fredag kjem det tiande albumet med Ni Liv, «Songen om i morgo», på Spotify og andre strøymetenester. Det kjem også i fysisk format som LP. Fansen kan glede seg til ti nye låtar med tekstar skrivne av Jon, melodiar skapt av Jon og Jan Birger og låtmixar som er gjennomdiskuterte av alle involverte. I tillegg til Jon på gitar, fele og vokal og Jan Birger på gitar, er det Eivind Aase, trommer, Knut Olav Sandvik, bass, og Terje Meisingset, tangentar.

det litt tyngre og såre.

Rema 1000, seier Jon.

– Eg fekk tidleg vera med og forme låtane, og tenkte at dette var ein plass eg hadde lyst til å vera, seier Jan Birger, som fortel at han i Ni Liv oppdaga låtskrivaren i seg. Jon og Jan Birger samarbeider godt om nye låtar. Det er i fyrste rekke Jon som skriv Ni Liv sine tekstar, alltid på norsk, på bøhering. Inspirasjon hentar han blant anna frå litteraturen.

I eit antikvariat fann han Erik Bye si reiseskildring «Munnspill under åpen himmel» frå 1968. Den har gitt inspirasjon i arbeidet med «Songar om i morgo». Forfatterar med poetisk språk er nyttig å lesa, fortel tekstforfattar Jon.

Stor feiring i Gullbring
Jubileet blir markert med album

og konsertar i Bø, Notodden, Oslo og Skien. Ni Liv satsar på stor feiring med konsert i Storsalen i Gullbring laurdag 11. november. Her blir det nye og gamle låtar og nokre overraskingar.

At bandet nå kan feire 20 år, er ikkje sjølvagt, I 2018 var dei usikre på vegen vidare og om det var tid for å sette strek. I staden satsa dei vidare og i 2020 kom «Tell til tjuge». Nå ser dei framover og håper på mykje speling i 2024.

– Blei det ei plate med positive låtar, slik Eivind ønskte?

– Me starta med 25 låtar og i prosessen med å velje ut ti låtar til plata kan det vera at nokre av dei positive rauk ut. Men det er eit par optimistiske, seier Jan Birger Akerhaugen.

Helge, Berit og bygda

Eit snev av det såre er det også i tittellåta «Songen om i morgo», men mest av alt er det ein song om det nære og kjære, om Berit i butikken, Helge på hotellet og bygda der folk får det til.

– Eg måtte ha med Helge (Solberg, red merk.), eg er veldig glad i Helge. Det var på Vertshuset me hadde release for plater før, og me har spela inn livealbum på Skogen gard, seier Jon.

– Kven er Berit på butikken?
– Berit er eit pseudonym. Å reise på butikken på ein liten plass kan vera ein sosial hending. Du kan fort kome i djupe samtaler mellom hyllene på

Starta i 2003

I år er det 20 år sidan Jon drog i gang Ni Liv, da som Jon Solbergs Bygdabilly Band. Jon studerte musikk i Trondheim og skreiv hovudoppgåve om rockabilly-musikk. Bandet blei til i samband med utgjevinga av EPen «Da eg og bestefar var små». Med på plata var Jon, Eivind, Terje og Ken-Børre Langås. I 2006 kom albumet «Bygdabilly Band». Da «Telemarkana» blei gitt ut året etter, var bandet blitt til Ni Liv.

Jan Birger kom med fyrste gong i 2008 i samband med sleppkonsert for «Sjumilsteg». Frå 2010 blei han fast medlem. Det var eit lykkeleg val.

Prøvar ut nye ting på Stranna

På Stranna ønskjer velet at folk skal møtast.

Marta Kjøllesdal
marta@boblad.no - tlf. 976 88 692

Stranna Vel har mange arrangement, og det siste tilskotet er baklukesal. Det vart arrangert sist helg, og her var det sal av både reiskap, handarbeid, sko og klede. Laget sjølv hadde loppemarknad. Mathilde (2) og Nicklas Lindheim (4) var med bestemor Gry Lindheim på baklukesal på Stranna. Der fann dei begge sko dei gjerne skulle hatt, men størrelsen var kanskje ikkje heilt rett. Bestefar Johannes Lindheim fann seg eit fint lys på standen til Anne Aarnes. Inne på den gamle skulen var det vaflar og lopper. – Me vil gjerne skape aktivitet på Stranna, fortel styret. Det består av Sigrid Vinjerui, Aslaug Groven Årnes og Turid Hagtvedt Holta. Bjørn Larsen er leiar, men han var ikkje til stades.

Styret i velet ønskjer at folk på Stranna skal kunne treffast, derfor prøvar dei seg fram med arrangement. Det er også kjærkome å få litt inntekter som dei kan bruke på vedlikehald av skulen som fungerer som grendehus. Det er godt pussa opp inne, men det treng litt omtanke ute. Laudagens arrangement er ikkje det einaste velforeininga på Stranna har. Her er det nabotreff, og det blir også arrangert quiz regelmessig, dei har dessutan strikkekveldar, basar og juletreffest.



AKTIVT STYRE: Sigrid Vinjerui, Aslaug Groven Årnes og Turid Hagtvedt Holta sit i styret saman med leiar Bjørn Larsen (ikkje til stades). FOTO: Marta Kjøllesdal

7 090034 490017



Freia storplater
150-200 g



Stor spisemoden mango
Pr stk 18⁹⁰



GILDE SKINNFRI KJØTTPØLSE
450 g. Pr pk 35¹²
Pr kg 78,04

Gjør det billig!

EXTRA

Prisene gjelder i uke 42. Forbehold om trykkekfeil og utsolgt